



Ålfotbreen  
verneområdestyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Åskora  
**Dato:** 23.09.2022  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Kombinert styremøte og synfaring i vasskraftanlegga i Åskora og Yksneelvane



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 11/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 12/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 5/22	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3-2022		2019/10793
RS 6/22	Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 3-2022		2019/4056
ST 13/22	Ålfotbreen verneområdestyre - Handtering av motorferdselsaker		2019/2582
ST 14/22	Eventuelt		

**ST 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**ST 12/22 Signering av protokoll fra førre møte**



Arkivsaksnr: 2019/10793-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/22	23.09.2022

## **Ålfotbreen verneområdestyre - orienterings saker styremøte 3-2022**

- Delegerte vedtak sidan førre møte:
  - Flora turlag fekk 11.august løyve til totalt fire landingar ved Gjegnabu og Blåbrebu i samband med transport av forsyningar til hyttene.
  - Arkitektverksemda Nær AS fekk i august løyve til å bruke drone i samband med prosjektering av sikringsbu ved Gjegnabu.
  - TV-produksjonsverksemda Nordisk Banijay fekk i september løyve til å lande med helikopter ved Maritinden i samband med ein tv-produksjon. Løyvet vart gjeve med delegert mynde etter avtale med styreleiar. Løyvet vart ikkje nytta då dei fekk løyst behovet på anna måte.
- Ny statsforvaltar i Vestland.  
Liv Signe Navarsete starta 1.september som ny statsforvaltar i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland er som kjent arbeidsgjevar for verneområdeforvaltaren, og har det administrative ansvaret for forvaltningsknutepunkt og styre. All økonomien til verneområdestyre og -forvaltninga vert dessutan styrt gjennom Statsforvaltaren.
- Det har ikkje skjedd noko konkret i prosessen med nasjonalparkstatus sidan sist. Men Statsforvaltaren skal vitje alle kommunane som er involvert i supplerande vern, inkludert kommunane som er med i Ålfotbreen.
- Verneområdeforvaltar og vennene hans trivst godt i dei nye kontorlokala på Sandane.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/22	23.09.2022

## **Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 3-2022**

Her er status på dei ulike tiltaka som verneområdestyret har sett av tiltaksmidler til i 2022

### **1. Filmar om geologi og landskap**

Dette er det største og mest omfattande tiltaket i 2022. Vi sette først ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med ulike ressurspersonar med kompetanse på geologi, formidling og filmproduksjon. Gruppa utarbeida og kvalitetssikra eit konkurransegrunnlag for å legge oppdraget ut på anbod.

I juli vart dette konkurransegrunnlaget sendt ut til seks ulike leverandørar, med frist til å levere tilbod 1.september. Innan fristen leverte fem av desse tilbydarane tilbod på oppdraget.

Alle tilboda var kvalifiserte, og alle var med i evalueringa. Vi vurderte tilbodet frå **Ahead Film & Motion AS** til å vere det beste. Dei hadde sett seg godt inn i oppdraget, og hadde den beste prosjektplanen. Dei hadde dessutan sær gode referansar og har mellom anna hatt oppdrag for Miljødirektoratet.

Vi har no hatt første oppstartsmøte for sjølv produksjonen, og vi har lagt ein framdriftsplan. Går alt etter planen vert vi ferdig før utgangen av 2022.

Vi har ei ramme på 175.000 til tiltaket totalt, og vi ligg an til å bruke heile den ramma.

### **2. Stien til Blåbrebu**

Flora turlag har tatt på seg oppdraget om å gjere tiltak på stien til Blåbrebu innanfor ramma på 50.000 kr.



### **3. Merking av ruta Bjørndalen – Gjegnen**

Kepien turlag har gjennomført oppdraget med merking og skilting av ruta til Gjegnen. Oppdraget er ferdig fakturert og avslutta.

### **4. Innfallsport Grøndalen**

Her er det snakk om å bygge på eksisterande parkeringsplass eller bygge ein ny i nærleiken, slik at vi aukar den totale parkeringskapasiteten.

Forvaltar har vore på synfaring saman med grunneigar og laga ei enkel skisse for kva vi primært ønskjer å gjere. Forvaltar skreiv eit notat etter den synfaringa som ligg vedlagt. Parkeringsplassen kan eller vil truleg bli definert som ei ny avkøyrsløp, og forvaltar har derfor sendt søknad om ny avkøyrsløp til fylkeskommunen (sidan det er fylkesveg).

Sjølve jobben kan vi gjere ved hjelp av Gravdal Skog og Hagesrevice som vi har rammeavtale med. Det er ein ganske enkel jobb berre vi får tommel opp frå fylkeskommunen.

### **5. Informasjonsskilt**

Midlane her er overført til filmen om geologi og landskap. Det vert derfor ikkje sett opp eller kjøpt inn skilt i år.

Vedlegg:

- Oversikt over status på tiltak og bruk av midlar



Arkivsaksnr: 2019/2582-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 13.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	13/22	23.09.2022

## **Ålfotbreen verneområdestyre - Handtering av motorferdselsaker**

### **Dokument i saka:**

- Verneforskrift for Ålfotbreen LVO
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen LVO
- Mal for matrise for motorferdselsaker

### **Bakgrunn for saka**

Vi har ikkje mange motorferdselsaker i Ålfotbreen LVO. Men vi har nokre, og omfanget er svakt aukande. Det er og noko større kompleksitet i sakene no enn før, og den kompleksiteten går ut over det som står i lovverket og i forvaltningsplanen.

Mellom anna gjeld dette bruk av drone til ulike føremål. Drone har kome for fullt og er no blitt nærmast allemannseige. Og det har skjedd etter at forvaltningsplanen vart skriven, so den seier ingenting om drone. Det har og blitt meir vanleg med bruk av drone og/eller helikopter i produksjon av filmar og tv-program.

Dette vart endå meir aktualisert no i september når Nordisk Banijay AS skulle filme i samband med tv-produksjon. Grunna endring i planane deira søkte dei om løyve til helikopterlanding på særskilt kort varsel. Saka vart handtert med delegert mynde i samråd med styreleiar. Men her var fleire prinsipielle spørsmål her som burde vore diskutert i styret.





### **Handsaming i møte**

For framtidige motorferdselsaker so vil det vere nyttig for forvaltar om styret tek ein prinsipiell diskusjon om motorferdsel.

- Kva typar motorferdsel skal få løyve i verneområdet?
- Kva typar motorferdsel skal ikkje få løyve?
- Kva vilkår skal leggest til ulike løyve?
- Korleis skal dei ulike sakene handsamast?

Diskusjonen kan enten resultere i ein skriftleg instruks som forvaltar kan legge til grunn i sakshandsaminga, eller vi kan lage ei meir skjematisk matrise for ulike typer saker. Det har andre verneområde brukt før, og det tenkjer forvaltar er ei grei og ryddig løysing.

**ST 14/22 Eventuelt**